

ARD AREALPLAN AS  
7 etasje Nygårdsgaten 114  
5008 BERGEN

Dato: 21.12.2017  
Vår ref.: 2017/16388-7  
Saksbehandlar: hanengu  
Dykkar ref.:

## Fråsegn - Varsel om oppstart av arbeid med områdereguleringsplan for Dalstø - Mjåtveitstø - Meland kommune

Vi viser til brev datert 16.10.2017 om oppstart av arbeid med områderegulering for Dalstø-Mjåtveitsstø i Meland kommune. Hovudføremålet med reguleringa er bustadføremål og er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til bustad. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyer krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

### Vurdering og innspel

#### Relevante planfaglege innspel

Planområdet inkluderer eit stort område som i kommuneplanen er lagt ut til framtidig bustadområde. Det er positivt at kommunen no legg opp til eit områdereguleringsarbeid som ser heile området i ein heilskap. Dette vil kunne sikre gode og samanhengande strukturar i området, både med omsyn til uteareal og grøntområder, transportinfrastruktur og annan infrastruktur. Området ligg tett på næringsarealer og i ein samla områdeplan vil ein kunne vurdere korleis ein utformer område best mogeleg for å minske utfordringar med støy og konflikhtar med næringsverksemda.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og teken omsyn til i det vidare planarbeidet. Dersom tiltaket er i vesentleg konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser kan Hordaland Fylkeskommune vurdere å imøtegå planforslaget gjennom eit politisk vedtak.

Området rundt Mjåtveitstø er vist som omsynssone for kulturmiljø (H570) i kommuneplanen. Dette må følges opp i områdeplanen og konsekvensen utbygging vil ha på kulturmiljø bør utgreiast og avbøtande tiltak drøftast.

Den 07.11.2017 vart det gjennomført ei kulturhistorisk synfaring i planområdet. Innafor planlagt utbyggingsområde er det fleire intakte og samanhengande steingardar, gamle vegfar og andre utmarksminne. Det er og tilrettelagt turstiar opp til Furefjellet og langs kysten.

Planen sin verknad på kulturminne og kulturmiljø skal dokumenterast og vurderast som eitt av punkta i planutgreiinga ved offentleg ettersyn. I planutgreiinga må det inngå omtale av kvart kulturminne og vurdering av verneverdi. I tillegg til bygningar/bygningsmiljø, er det her også viktig å få fram både steingardar, gamle ferdselsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne og kulturlandskap.

Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne eller arkeologisk funn frå planområdet, men det er gjort slike funn på gardane Frekhaug, Mjåtveit, Sagstad og Fosse. Delar av planområdet har potensial for nye funn, og vi finn det naudsynt med ei arkeologisk registrering for å avgjere om planen kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte freda kulturminne, jf. § 9 i kulturminnelova. Området som er vist som grøntareal og omsynssone i kommuneplan ved Mjåtveitstø har det største potensial for nye funn.

Vi har ikkje heimel til å krevje registreringa gjennomført før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn, men det vil vere ein fordel for tiltakshavar å klarleggje spørsmål kring kulturminneverdiar i planområdet på eit tidleg tidspunkt i planprosessen. Planen må reviderast eller eventuelt leggast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde dersom det viser seg at planen kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.

I medhald av kulturminnelova §§ 9 og 10, må kostnadene ved registreringa betalast av tiltakshavar. Av røynsle reknar vi med at denne arkeologiske registreringa vil koste mellom kr 3-400 000,-.

Vi ber tiltakshavar ta kontakt med Elizabeth Warren (epost: [eliwarr@hfk.no](mailto:eliwarr@hfk.no)) for å få utarbeid eit meir presist kostnadsoverslag for arkeologisk registrering.

#### Samferdsel

Planområdet ligg nær eit etablert bustadområde og med kort avstand til skole, kollektivhaldeplass og ulike servicefunksjonar. Langs Fv 564 er det etablert G/S-veg som sikrar trygg tilkomst for skoleelevar og andre til Frekhaug. I den vidare planprosessen er det viktig å sikre effektive og trygge trasear for mjuke trafikantar fram til haldeplassar og G/S-tilbod på fylkesvegen. Vi rår til at alle gang- og sykkelveggar innanfor planområdet vert inkludert i rekkefølgeføresegnene. For at val av sykkel skal vere attraktivt er moglegheit for parkering viktig. Vi rår til difor til at trygg sykkelparkering og vert sikra gjennom føresegnene.

Det er lagt opp til to avkøyringar til fylkesvegen. Den eine tilkomstvegen vil være via eksisterande veg, Dalsvegen. Det er litt usikkert kva løysing som er tenkt ved Sveåsen. Her er det ein avkjørsel allereie, og som vegeiar vil fylkeskommunen rå til å nytte denne og foreta eventuelle utbetringar for å sikre at krava i vegnormalane vert overhalde. Vi minner om at risikoen for trafikkulykker aukar sterkt med aukande tal på avkjørsler. I følge Statens Vegvesen utgjør ulykker direkte knytt til avkjørsler mellom 15-20 % av alle trafikkulykker. Av omsyn til trafikktryggleik er det difor eit mål å kunne avgrense og om mogeleg redusere talet på avkjørsler på fylkesvegnettet.

#### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no/plan](http://www.hordaland.no/plan).

#### **Oppsummering**

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på kulturminne og kulturmiljø og samferdsel.

Eva Katrine R. Taule  
fagleiar kommunal plan

Hans-Christian Engum  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlar:

Hans-Christian Engum, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Gunhild Raddum, transportplanseksjonen, SAMFERDSELSAVDELING

Elizabeth Warren, fylkeskonservatoren, KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA